

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Berge m .fl.

Oppskr. av: Anders H. Berge.

Gard:

(adresse): Nordeide

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsl. både eiga og andre si røynsl a

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Gamald engkultur.

- 1). Ja, ordet eng var brukt i eldretidor og er framleis brukt. Jorda i utslåtter vart ikkje kalla eng men utslåttmark. Attlege har vore brukt i eldre tid og er framleis brukt. Ekre eller ekra er eit stykke jord som er sått grasfre saman med kørnet . attlege tydar det same som ekre eller ekra. Ordet Kjukking har vore brukt om ekrehøyet og er framleis brukt.
- I utmarkslåtterne var det både langorvsletter og stuttorvsletter. Dette høyet vart kalla for småeng og vart for det meste brukt til saue og gjeiter og ungfæ. Ordet tjukking er brukt den dag i dag. Tadeng har ikkje vore brukt her men taddeng og småeng.
- 2). På heimebørerne her var i mine besteforeldre og foreldre si tid -for sirka 60 og 100 år sidan - mykje skog av older og bjørk og store røyser med stein både oppå jorda og nedi jorda. Denne skog er nå heilt bortkomen . Istaden gjeng slåmaskina . Tjukkinga er på disse staderne sver og det gjeng ofte hardt å koma igjenom med slåmaskina. Det var helst om våren at marka vart rudd og rudningsdungerne vart kalla for kvisthaugar. Namnet på dette arbeidet var Trysjing. Dette arbeid var brukt mykje i utsletterne .Kvist-

2.  
haugarne vart brende etterkvart, som dei vart samanrake med  
med rive- slik som her brukast til å raka høy med.

Oska er årlig brukt til gjødsel og den vert ut-  
kasta om våren i småregn.

Ja, det har vore brukt å teke både små og store  
steinar frå utslåtterne. På heimebøen er det haust og vår  
vår ein grev opp jorde både med plog og spad. Her er  
10 gardbrukara under ein jerdsgard og alle disse har  
fare over jorda fleire gongar med plog så det nå er ber-  
re kunsteng dei har med store avlingar.

### 3/ Mosevaksen eng.

Dei eldre brukte å kasta oska på mosegrad eng.  
Dette hjelpte mykje slik at mosen minka. Nå i vår tid er me ikkje  
er me ikkje brydde med mosen, avdi me fer over jorda 3-  
til 4 kvart år. Jorda vert då ompløygd og då fær ikkje  
mosen noko makt.


Eg kjenner ikkje til at her har vore brukt  
heimeavla eller kjøpt føy til å så i mosemark.

- 4). Myr og vassjuk eng. Vatning. Ja, dei brukte å kasta  
opp store og lange krøfter for å få vassjuk jord turrlagt  
lagt. Vatning av eng har òg vore brukt i mindre må-  
lestokk. Vatning tok til med Santhans tid.
- 5). Gjødsling. Ja, det er brukt gjødsel på eng men ikkje  
på utslåtter. Dette var meir brukt i gamald tid enn  
nå. i slutnaden av 1800 åra vart det eit brigde.  
Ein tredjepart av vintergjødsla vart brukt på enga  
og 2/3 på åkeren. Sauemøk var mest brukt på enga i  
eldre tid, nå vert ho brukt meir på åkeren. Det vart  
rekna med visselass på kvart engstykke. Me kjenner
- 6). Hevdfor . Her har aldrig vore brukt sernamn på enga  
som vart gjødsla med vintergjødsl.
- 7). Nei det har ikkje vore brukt slik her at husa skulde

Emne 12.

Spursmål 7. stå slik at gjødsla som seig ifrå husa skulde gjødsla bøerne som låg oppunder husa. Sidan utskiftingerne vart ifrå seg gjorde har dette aldrig vore tenkt på. Men vore forfedre hadde tenkt på denne sida av gjødsla. På ymse av garane var då ein 40-50 hus i ein ring og då vart det mykje gjødsla av jorda som låg under. Serlig var det bratt bratt så hadde sege ifrå tuna lett for å siga ned over bakkerne. Denne enga var ikkje mykje dugande som for-avdi det mest var ugras -høymåle, vassarv og mange andre sorter ugras. For at vasseget skulde spreida seg skar dei opp veitar så vatnet rann i. I våre forfedres tid låg oftast åkrane på haugar og seget av vatnet frå åkrane gjødsla jorda som låg under.

8). I eldre tidor var gjødsla om våren. I Nåtida gjødsla me mykje om hausten-serlig i hagarne. Når gjødsla vart utkøyrd om vinteren vart ho lagd i store dungar(haugar). om våren vart disse tekne att og leste på vogner og køyrde utyver åkrane og marka. Inntil 1890 var her berre brukt tregreipar. Sjø teikninga. I disse tidor sette dei gjarn på enderne av greipa, så det skulde vera lettare å få greipa inn i gjødseldungen. Her i grenderne arbeide dei greiperne i kvart hus. Dette var kveldarbeid. då dei tok til gjarnbeslag vart det dei vanlige smeder som tok seg av dette arbeidet. Den gjødsla som var kasta utyver markerne vart smuldra på den måten at dei tok hesten, å lagde på drettet ei stor risbuska. På den måten vart gjødsla fin. Millom 1890 og 1900 var alt gammalt skarp av reidskap forkaste til fordel for dei nye reidskap som då kom i handelen.



9). Ja, beite på enga har vore brukt på ifrå 1860 åra og eindel beiter enndå med sauene både haust og vår. Det

1888  
7088

4.

har ikkje vore beit for å få gjødsla bøen, men fleire av brukarane har lita vidd i utmarka til beite åt sauene. I dei eldre tidor var det vel og skort på nok for om våren. Dette er ikkje tilfelle nå. Dei beste engstykkka vert som regel inngjorde. Det var ikkje skilnad på beitemarka.

10). Her er fleire gardsbruk som for 20-30 år sidan er ~~sk~~ slutta med å beita um haust ~~å~~ vår. Grunnen herfor er at her er mest kunsteng og då vert jorda så oppspant av dyra at dei gjere så stor skade, at dei måtte slutta beitinga.

11). Her har aldrig vore brukt anna reidskap enn riva til å få gjødsla fin. Me kjenner ikkje til dei namn som er nemnde. Slike har aldrig vore brukte her.

12). I utmarka hadde kvar brukar ei inngjerdsla. Kvier som me kallar dei for. Inni denne kvia hadde dei ei hytte og i dei urolige år når ulven og bjørnen var her måtte budeierne ligga i huset. Me mor som var fødd i 1845 fortalte, at ho hadde sitt gråbeinen millom beista på kvia nattetid. DHo fortalde og at gråbeinen var så pågåande, at han tok ei geit med det same, ho vilde gå inn i huset. Den gjødsla som dei fekk av beista inn på kvia brukte dei som gjødsel til kvia-(inngjerdsla). Gjødsla vart spreid om våren.

13). Dei hadde gar rundt inngjerdsla -eller kvia som kallar dei. Dei hadde ikkje meir enn ei kvi.

#### Grindgang eller kviing.

Her har aldrig vore flytbare kvier. Utan om dei kvier som er nemnde ovanfor hadde dei gamle stølskvier til å jaga sauene innpå når dei skulde mjølkast. Gjerde rundt disse kvier var murte av stein. Garden måtte vera høg, så dei ikkje fekk byksa ut. Disse kvier er synbare den dag idag. Det var rundt 1900 talet at disse vart nedlagde.

14). Kvierne var sett gjerde rundt på alle kanter.

Emne 12 (Spursmål 14). Det var helst risgard som vart brukt. Av

og til brukte dei einestaur til gjerde. Alle beista vart sankt inn på kvierne om kvelderne. Sauerne og ungbeista vart også sankt inn på kvierne. Namnet grinder har aldri vore brukt her ,og me kjenner såleis <sup>ikkje</sup> til flytning av kvierne.

15). Ja, budeierne og mannfolka låg i huset på kvierne når dei merkte seg at udyra var på ferde. Husa stod fast på ein plass. Namnet på huset var vakthuset. i 1880 vart det slutt med vakthaldet fordi udyra sidan den tid ikkje har vist seg.

16). Det var ikkje laga noko utstyr eller fillemann for å skremma udyra. Alle kvier vart nedlagde omlag året 1900. Kvierne er alle innlagde til hovedbruket og erdyrka. Storleiken på disse inngjerdslorne var omlag 4-5 mål.

17). Hjuringerne (Gjetlegutarne eller gjentorne) hadde mat med seg i marka. Maten var som oftast ,Potetkake, flatbrød og flesk eller røykesild.

18). Nei, her har ikkje vore sauefjøs på kvierne, men Sauefjøs var brukt i gjeila ei lita renna som vart brukt til å gjaga sauene inni og der vart dei tekne og sette inn i sauefjosen. På ymse gardar står enndå disse sauefjoserne. Fleire av disse er vel over 100 år gamle.

19). Jau, eg er einig med Ivar Åsen ,at han syner fram ord som trød, for her bruktes tråda. Dei andre orda har ikkje vore brukte her. Tråda tydar her den plass som kyrene eller sauene samla seg til å vart mjølka.

20). Her i bygderne har ikkje vore slåttemark på sætrane.

21). våre forfedre brukte ikkje kunstgjødsla ,men dei kjøpte år om anna Sjelsand som dei brukte på enga. Denne gjødsla heldt seg ifleire år .Denne er brukt enndå

6

Tang, oska og sild var og brukt i gamle tida. Nå aldrig. Oska er brukt men av den vert her mindre etterkvart som den elektriske vert utvida. Fiskeavfall har ikkje vore brukt noko større av her.

Sidan 1900 åra er her kjøpt ein masse kunstgjødse sel . Her er dei bruk som ein kjøpar 6)\_ 8 ton Ja sume tidor meir . Det er kulturbeita som dreg mykje av kunstgjødsla. På kulturbeita brukar me mykje kalk og dagen er ikkje fjern når stølsdrifta vert nedlagt. Kulturbeita har vokse mykje dei siste år og her er dei gardsbruk som har opp i 70- til 100 mål, så der skal mykje gjødse kjøp til. Her i bygdarne er det mjølkeproduksjonen som gjev den beste innkoma for bonden.

Berge den 29 okt 1948.

Anders H. Berge

*Anders L. Berg.*

*Ingen og G.  
Andersberg.*


I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?




Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

*Sp. 5. Svar: Vannbæring! Nei, me finner ikkje til bæring av vann på ei slik stang, som teikninga synar, om det har vore brukt ein vassell - ein utgraven alderstøkk, som fall godt ned på akslene - slik som teikningane viser. Dinn var brukt her i om lag 100 år og er brukt den dag i dag av dei som ikkje har innlagt springvatn.*



Sp. 12. Fiskeblen og fiskeblom har skje som brukte her.  
Kvernisk heller ikke.